

# Alice Cooper: Fan av kristent voldaband



David Lereng-Reite, også kjent som “the Bandit” står bak Divine Courage, som til tross for at dei ikkje har gitt ut ei einaste plate er godt kjende, også andre stadar enn i Noreg. Bilete av: Olav Tåkle

**Divine Courage. Kanskje er det kjent for deg. Kanskje er det eitt namn du høyrer ofte. Kanskje har du aldri høyrte det før. Voldabandet er i alle fall kjent utanfor fylkesgrensene. Faktisk så er superstjerna Alice Cooper ifølge facebook fan av dei.**

Av *Helle Ulvestad*

At Alice Cooper er fan av Divine Courage kom fram på Facebook, og vokalist David «The Bandit» Lereng-Reite tykkjer det er kjempemorosamt.

- Alice er ei legende, og det at han er fan av oss er kjempegøy. David beundrar Alice og, og kan fortelje at Alice Cooper er ein god kristen broder, som lagar dei nest beste låtane i verda. Dei beste er sjølvsagt David sine.

## **Guddommeleg mot**

Divine Courage er eitt kristen glamrock-band som held til i

Volda. Det Divine Courage handlar om er nettopp det å gi folk Divine Courage, eller Guddommeleg Mot. David fortel at alle treng eitt guddommeleg mot for å takle kvardagen.

- Kristen eller ikkje, så vert me alle utsette for eitt enormt press frå alle kantar. Sexpress, drikkepress, motepress, doppress, slankepress og så vidare. Og i staden for å ha identiteten sin i Gud og seg sjølv, så får me identiteten i desse tinga, og då treng ein eit guddommeleg mot for å reise seg å kun vere seg sjølv.

## **3 år før ideen vart satt ut i livet**

Glamrock er ikkje noko det finst mykje av i Noreg, og spesielt ikkje kristen glamrock. Faktisk finst det ingen band som spesialiserer seg på kristen glamrock i Noreg. Det var difor David bestemte seg for å lage Divine Courage. Det var noko han bestemte seg for relativt raskt, men det tok likevel litt tid før Divine Courage var oppe og

gjekk. David hadde ideen i 3 år, før han følte at tida var rett og at han hadde rett folk.

## **Målgruppe**

Om David sjølv skal definere målgruppa for musikken hans sett han ikkje mange begrensingar, verken på alder eller kjønn.

- Alle som vil få eitt møte med ein levande Gud og som vil ha eitt par timars saftig glamrockshow.



Radiohøud er tilbake med nye sendingar etter juleferien.